

# TURPROGRAM 2026



Fyresdal Turlag  
Aust-Agder Turistforening



# Velkommen på tur med Fyresdal Turlag

I tillegg til turprogrammet har vi òg turar på dagtid på onsdagar (ikkje i juli).  
Turane finn du bare på Facebook.

Fast møteplass er på parkeringa ved Fyresdal kulturhus.

Kle deg etter været, ha på gode sko, ta med mat, passande utstyr og kom i godt humør.

Vi tek atterhald om endringar i oppsett program. Fylg oss på **Facebook** eller Fyresdal kommune sine heimesider under **Kva skjer** for oppdatera informasjon om kvar tur.

Turar merka med \* har bok på toppen.

Vi gjer merksam på at alle som er med på turane går på eige ansvar.

**Spørsmål, kontakt naturlosen for kvar enkelt tur, eller Gunhild Momrak, tlf. 957 91 511 eller e-post [gmmomrak@gmail.com](mailto:gmmomrak@gmail.com).**

Du kan også gå turar på eige hand, vi har 20 merka turstigar. Du kan kjøpe kart hjå Fyresdal Turistinformasjon, eller gå inn på UT.no.



## Tur i Birtedalen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. april	Birtedalen, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Grethe Lassemo	977 88 988

Start på parkering ved Søgardsplassen ved Kile. Tur i skuterløyper eller langs veg, det må føret bestemme.

## Sitjefjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
14. april	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Gunhild Momrak	957 91 511

Flott topptur frå Sentrum til Sitjefjell. Går forbi Øyne og Bergan opp og ein annan fin stig ned att.

## Kleivfjell, Kilegrend

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
21. april	Kilegrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 5	Helge Kiland	916 32 615

Parkerar ved grendehus og går den gamle stigen langs elva til Glomstad. Går bratt, flott fjell opp til Kleivfjell. Etter eit stykke utan stig er det flott slepe ned att til Kleivtjønn. Fin rundtur.

## Igletjønnuten, 949 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
28. april	Momraksheia, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Går opp den bratte, merka stigen til Igletjønnuten på 949 moh. Går ned rista til Storsteinane og vidare blåmerka stig ut til Den Store Steinen. Etter kaffipause går vi ned til veggen der vi i forkant har sett ned ein bil.

## Solhomfjell og branntårnet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. mai	Felle, Nissedal	P kulturhuset kl. 10.00	6 / 11	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer ein times tid forbi Felle og parkerer inn ein bomveg til Sandtjønn. Fin, merka og lettgått stig til toppen. Ein kan også gå heilt i toppen på branntårnet. Same veg tilbake .

## Hegglandsnetten 697 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
5. mai	Hegglandsgrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 5	Gunhild Momrak	957 91 511

Bratt fin stig frå Liarheim, passerer dei gamle hustuftene på Søtoa, Midttoa og Nordtoa. Ein litt annan veg ned att.

## Napen, 889 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
12. mai	Nape, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 6	Hans Haakenstad	480 78 026

Køyrer inn til Vestre Nape og går fin merka stig til toppen av dette spesielle fjellet. Same veg ned att.



## Lifjell, vandretur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. mai	Kleivgrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 10.00	6 / 10	Gunhild Momrak	957 91 511

Feirar nasjonaldagen med denne rundturen på Lifjell. Går opp langs elva, Bispevegen, frå bomkassa ved Libro og ned att i flott kulturlandskap til gardane på Bergland. Vi tar ein avstikker opp på Åhåmår og ned stigen til Kleiv.

## Geitnetten, 776 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
19. mai	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 6	Unni Vik	906 38 049

Går opp den bratte stigen frå Sørbygda og ned att stigen til Libakkane og ned til Moghus. Fin rundtur. Fantastisk tur i godt ver!

## Roholtfjell

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
25. mai	Vrådal, Kviteseid	P kulturhuset kl. 10.00	6 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyrer inn bomveg frå Vrådal opp til Perstøyl. Går fin bratt stig opp i dette flotte og blankskura fjellet. Kjem opp midt mellom Austre og Vestre toppen. Då ser vi om vi går på ein eller begge toppane. Same veg ned att.

## Søtdalsvarden, 925 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
26. mai	Vætingsheia, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 8	Randi Momrak	994 68 425

Går oppover den fine stigen frå Kjeldemyra. Ein stopp på utsikten før me går litt bratt mot toppen.

## Berrfjell, 1060 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
2. juni	Hærstadheia, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 10	Berit Bjaadal	959 14 225

Toppturen til Berrfjell går på god stig opp frå Hærstad. Blaute parti er kloppe så ein kan truleg nytte låge sko. Om lag 500 m stigning.

## Bygdedagen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. juni	Sentrum, Fyresdal	Øyskogen kl. 10.00-16.00		Sven Lie	472 67 200

Marknadsdag i Øyskogen med elvelotto, utdeling av toppurpremiar, div. sal mm.

## Jåmsfjell, 936 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
9. juni	Birtedalen, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	5 / 9	Grethe Lassemo	977 88 988

Går den merka stigen frå Birte til denne flotte toppen. Ned att stig til Krokstøyl og tilbake lett stig tilbake til Birte.



## Furunusteren, 761 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
16. juni	Nusteren, Nissedal	P kulturhuset kl. 16.00	4 / 6	Torhild Hagen	908 48 644

Køyser inn bomvegen til Trolltjønn og går merka stig til toppen av dette flotte fjellet. Går litt ned på vestsida og frampå slik at me ser ned til Jettegrytene.

## Randvik Kystledhytte, 3 dager

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
23. juli	Risor	P kulturhuset kl. 10.00		Sven Lie	472 67 200

Turlaget har leigd hytta frå 23. til 25. juni og vil feire St.Hans her ute. Påmelding innan 1. mai.

## Sandviksnipa, 929 moh og Russfjell, 978 moh

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
30. juni	Napevatn, Fyresdal	P kulturhuset kl. 16.00	5 / 12	Gunhild Momrak	957 91 511

Køyse inn forbi Austre Nape og går opp fin stig frå Vidstøylhytta. Kjem fyrst til Sandviksnipa/Kilsnipa med fantastisk utsyn mot Napen. Lettgått terreng i høgda utan stig.

## Roan, 1191 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
7. juli	Hauggrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 16.00	4 / 8	Gunhild Momrak	957 91 511

Går den vanlege merka stigen til toppen frå Røyningdalen. Bompengar ved Foldsæ. Karnskje badar me undervegs?

## Ervedalsteinen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
14. juli	Ervedalen, Nissedal	P kulturhuset kl. 16.00	4 / 6	Torhild Hagen	908 48 644

Køyser inn bomveg for Treungen. Parkerer like forbi Gloppøygarden og går litt bratt i starten. Det opnar seg etter kvart oppetter dei flotte svafjella og det blir nokså flatt. Vi skal bort til ein kjempestor stein kalla Ervedalsteinen. Ned att går vi den store Gråndalen med spesiell gamalskog.

## Kviptefjell, 903 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
21. juli	Birtedalen, Fyresdal	P kulturhuset kl. 16.00	3 / 6	Grethe Lassemø	977 88 988

Rundtur på dette flotte fjellet. Parkerar før Kvipt og går den merka stigen. Ein ser rett ned på Kvipt undervegs.

## Ufshomfjell, vandretur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
28. juli	Fjone, Nissedal	P kulturhuset kl. 16.00	4 / 7	Geir D. Fjalestad	416 31 606

Set bilane ned langs vegen ved Ovnen og går den flotte merka stigen opp på flotte svafjell med enorm utsikt opp heile vegen. Går ned att i stigen mot Kronfjell. Flott rundtur.

## Rjupeto til Granbustøylen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
4. august	Birtedalen, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	5 / 10	Grethe Lassemo	977 88 988

Kryssar over heia til vi kjem inn på DNT stigen. Kanskje går vi heilt over så vi ser ned att til Grøssæ. Følger så stigen, via Granbustøyl, til vi er tilbake til bilane ved Birte..

## Gaukås, 1048 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
11. august	Kleivgrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 7	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Køyser inn bomvegen til Torsdalsdammen og går den merka stigen til toppen.

## Rui, Vassli, Fistøyl til Grimvatn, vandretur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
18. august	Borggrend, Fyresd.	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 7	Gunhild Momrak	957 91 511

Ein fin rundtur til gamle buplassar i Borggrend og opp til Grimvatn. Ned att til Nordbø.

## Tobakksfura, vandretur. Svarthylkyrkja etterpå

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
25. august	Nesvatn, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	5 / 7	Grethe Lassemo	977 88 988

Går fyrst den merka stigen opp til den kjempestore Tobakksfura. Same veg ned att til Vindilhytta. Køyser litt ned mot Gjevden og tek oss inn til denne enorme Svarthylkyrkja.

## Løkjedalen til Sundbekk

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. sept.	Breiviksheia, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	5 / 10	Grethe Lassemo	977 88 988

Går inn stigen forbi Lometjønn og vidare inn til Sundbekk. Same veg tilbake.

## Bindalen

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
8. sept.	Kilegrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	4 / 6	Gunhild Momrak	957 91 511

Går gamal stig/slepe opp frå Rui og eit stykke inn i Bindalen og går opp til ein spesiell heller eller ei hôle.

## Løkjedalen til Småstøylane

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
15. sept.	Breviksheia, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	2 / 3	Unni Midtgarden	915 62 195

Følgjer stig inn forbi Ljosdalsstøylen inn til Småstøylane. Kort tur med lite stigning.

## Solliåsen, vandretur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
22. sept.	Hauggrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 6	Berit Bjaadal	959 14 225

Går frå Skarkerud, langs kanalen til veg mot Solliåsen. Tilbake gjennom skogen i terreng og på veg.

## Øynuten, 522 moh\*

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
29. sept.	Kilegrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Helge Kiland	916 32 615

Parkerar før Glomfoss, går i tunellen og vidare bratt opp slepe og stig til toppen. Flott utsikt herifrå.

## Skøri

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
6. okt.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 3	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Går opp den bratte stigen frå Snarteland til den gamle buplassen på Skøri. Stoppar på fleire fine utkikkspunkt undervegs. Fyrar og kokar kaffi i Røykestoga på Skøri.

## Libakkane og Sitjebakkane

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
13. okt.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 3	Mona Verina Lofthus	995 16 552

Går frå sentrum opp heile Libakkane og ned att til Sitje.

## Lia til Skrede

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
20. okt.	Brevik, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 3	Grethe Lassemo	977 88 988

Parkerar på Lia, Birtedalsvegen og går opp bakkane til Skrede.

## Momraksrend, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
27. okt.	Momraksrend, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 5	Gunhild Momrak	957 91 511

Går ein fin rundtur i sleper og stigar. Kaffi og bål undervegs.



## Turkveld med sosialt samvær

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
3. nov.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 18.00	3 / 0	Sven Lie	472 67 200

Ei triveleg samling for turfolk og fadderar der vi mimrer over turar vi har hatt og ser fram mot neste sesong.

## Sørbygda, Bakka, rundtur

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
10. nov.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 6	Mona Verina Lofthus	995 16 552

Ein rundtur ut frå sentrum.

## Tur i nærområdet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
17. nov.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Viel Nilsen	976 78 001

Turleiar bestemmer kveldens turmål.

## Tur i nærområdet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
24. nov.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Randi Momrak	994 68 425

Turleiar bestemmer kveldens turmål.

## Tur i nærområdet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
1. des.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Berit Bjaadal	959 14 225

Turleiar bestemmer kveldens turmål.

## Tur i nærområdet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
8. des.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 4	Arne Dag Lassemo	915 25 435

Turleiar bestemmer kveldens turmål.

## Tur i nærområdet

Dato	Turmål	Møtestad og tid	Timer / km	Naturlos/Kontaktperson	Telefon
15. des.	Sentrum, Fyresdal	P kulturhuset kl. 17.00	3 / 5	Gunhild Momrak	957 91 511

Tur ut til Gunhild i Neslandsvegen, joleavslutning.



**Fyresdal Turlag**  
Aust-Agder Turistforening



**Kontaktperson: Gunhild Momrak**

**Mobil: 957 91 511**

**E-post: [gmomrak@gmail.com](mailto:gmomrak@gmail.com)**

**Foto: Gunhild Momrak og Grethe Lassemo**